



Gaular 5.november 2014

Kommunal- og forvaltningskomiteen,

Stortinget

Finanskomiteen,

Stortinget

Samarbeidsforum i Sunnfjord (SiS) er svært uroa for den situasjonen Sogn og Fjordane fylkeskommune er komen i med omsyn til nytt inntektssystem for fylkeskommunane. I samsvar med statsbudsjettet 2015 vert det lagt opp til ein reduksjon på i underkant av kr 250 millionar på 5-årssikt. Dette er samstundes nærare 20 millionar meir enn dei signala som vart lagt fram i kommuneproposisjonen.

Dette vil naturleg nok få store konsekvensar for tenestetilbodet til fylkeskommunen, og innbyggjarane vil få eit langt dårlegare tilbod på dei fleste område.

SiS meiner den kompensasjonsordninga som regjeringa alt har lagt inn i det nye systemet, bør utvidast slik at det også i framtida sikar likeverdige tilbod i heile landet.

Med helsing

Mathias Råheim

Leiar i Samarbeidsforum i Sunnfjord

Kopi: Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogn Regionråd, HAFS Regionråd og Nordfjorderrådet